

## **Høyringsnotat:**

# **Forslag til revidering av skolebruksplanens skolegrenser i samband med nedlegging av Sola skole og Håland skole.**

## **Høyringsperiode: 13.12.24 – 13.02.25**

Høyringsinnspele vil nyttast når sak om reviderte skolegrenser skal til behandling i kommunestyret 20.mars 2025.



# Innhold

<b>Innleiring .....</b>	<b>3</b>
<b>Overordna vurderingar.....</b>	<b>5</b>
Overordna vurdering av barnets beste .....	5
Barnets beste i et samfunnsmessig perspektiv.....	6
<b>Barns beste i eit økonomisk perspektiv.....</b>	<b>9</b>
Kultur, idrett og lokalmiljø.....	9
Bustadutvikling, klima og miljø .....	9
Føresette .....	10
Tilsette .....	10
Leiarar.....	11
Bruk av bygg .....	11
Kompenserande tiltak.....	12
<b>Nærskoleprinsippet i opplæringslova og konsekvensar det har for revidering av skolekretsane.....</b>	<b>13</b>
Kapasitetsmål for skolane ved 80 % utnytting .....	15
Framskrivningane oktober 2024 bekreftar demografiutviklinga: .....	16
<b>Nærskoleområde og demografi.....</b>	<b>20</b>
<b>Økonomiske konsekvensar ved nedlegging av Sola skole .....</b>	<b>21</b>
<b>Konsekvensar for Sande SFO .....</b>	<b>21</b>
<b>Konsekvensar for SFO-ane i Haga skole sin krins.....</b>	<b>22</b>
<b>Konsekvensar for Røyneberg skole .....</b>	<b>22</b>
<b>Konsekvensar for ungdomsskolane.....</b>	<b>22</b>
<b>Forslag til nye skolekretsgrenser .....</b>	<b>22</b>
<b>Økonomiske konsekvensar for Håland skole.....</b>	<b>23</b>
<b>Valfridom for eksisterande elevar og sysken av dei .....</b>	<b>23</b>
<b>Kart over skolekrinsar:.....</b>	<b>24</b>
Ny Dysjaland skolekrets Gammel og ny Håland skole.....	25
Ny Dysjaland skolekrets Håland skole .....	26
Ny Dysjaland skolekrets Skadberg og Dysjaland .....	27
Ny skolekrets Samlet gammal og ny skolekrets Sola skole .....	28
Ny Sola skolekrets Sande og Haga skole .....	29
Ny sola skolekrets Sola skole.....	30

## Innleiing

Nedlegging av Sola skole og Håland skole krev endring av skolegrensene for elevane ved desse skolane. Sola kommune har ikkje per dags dato forskrift om skolegrenser, men grensene er vedtekte i skolebruksplan. Endringane som er føreslegne som følgje av nedlegging av to skolar er ei revidering av skolegrensene i skolebruksplanen. Noverande grenser vart vedtekne i Skolebruksplanen 2012 – 2022 [Skolebruksplan 2012-2022](#) (s.108).

Dette er eit høyringsnotat der kommunen inviterer til å gi innspel på ulike problemstillingar og vurderingar knyt til at elevar, føresette og tilsette får ein ny skole å halde seg til. Revideringa av skolekretsane er avgrensa til konsekvensane av at Sola og Håland er lagde ned, ikkje alle skolekretsane i kommunen.

Forslaget til høyringsnotat har vore til orientering i:

Ungdomsråd 11.11

Utval for oppvekst og kultur 19.11

Formannskapet 3.12

Følgjande vedtak vart gjort:

*Høyringsnotatet tas til orientering og blir sendt ut 13.desember med etterhald om nedlegging av Sola og Håland skole. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere høyringsforslaget etter ev. nye innspel under politisk behandling.*

Kommunedirektøren har motteke fleire innspel og spørsmål til både notatet og barnets beste vurderinga i HØP 2025 – 2028 og i sak 131/24. Spørsmål og svar underveis er svara ut per e-post, i Framsikt, i politikardebatt, i møte med tilsette og FAU, i møte med tillitsvalde og verneombod, på kommunens heimeside, i nettmøte med Solabladet og i råds- og utvals- formannskaps- og kommunestyremøte i november og desember 2024. Me takkar for breitt engasjement og viktige innspel. Dette høyringsnotatet er utarbeidd med grunnlag i høyringsutkastet og innspela som er komne på det gjennom prosessen.

Ferdigstilt høyringsnotat vert no sendt på høyring med høyringsperiode 13.12.24 – 13.2.25. Endeleg behandling av revidert/rullert skolebruksplan som følgje av nedlegginga, skal behandlast i kommunestyret 20. mars 2025.



**Det er open invitasjon til å gi høyringssvar, og særleg invitasjon vert sendt til:**

- SU ved skulane i Sola kommune
- FAU ved skulane i Sola kommune
- Elevråda ved skulane i Sola kommune
- Skulane i Sola kommune
- Utdanningsforbundet Sola
- Skolelederforbundet
- Fagforbundet
- Delta
- Rogaland fylkeskommune
- Ungdomsråd
- Utval for levekår
- Utval for oppvekst og kultur
- PPT
- Barne og familiesenteret

Høyringa vert publisert på heimeside og i Solabladet.

**Høyringssvara kan sendast her:**

Lenke:

- [eDialog](#)
- [epost@sola.kommune.no](mailto:epost@sola.kommune.no)

**Postadresse**

Sola kommune  
Postboks 99  
4097 Sola



**Sola  
kommune**

## **Overordna vurderingar**

I samband med endringa gjer kommunedirektøren ei vurdering av konsekvensar som kan kome som følgje av nedlegging av to skolar.

- vurdering av barnets beste
- konsekvensar for bustadutvikling, klima og miljø
- konsekvensar for føresette
- konsekvensar for tilsette og leiing
- bruk av bygg, behov for utstyr
- kompenserande tiltak

### **Overordna vurdering av barnets beste**

Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn. Det må gjerast ei vurdering av kva som er best for barnet før avgjerda vert teken. Barnets beste er heimla i FNs barnekonvensjon artikkel 3 første ledd, Grunnloven § 104 andre ledd og opplæringslova § 10-1. Utdanningsdirektoratet har følgjande rettleiar for barnets beste vurderingar. [Veileding til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen.](#)

I vurderingar om barnets beste er det viktig å hugse at det som er bra for eit barn ikkje treng vere det beste for eit anna barn. I samband med nedlegging av to skolar opplevde barna og føresette på Håland og Sola at det ikkje vart teke tilstrekkeleg omsyn til barna på desse skolane. Det stemmer at kommunedirektøren vekta omsynet til alle elevar i Sola kommune sitt behov for tettare lærardekning, tyngre enn ulempene til elevane på avgjevarskolane. Referansar til Nordahls forsking viste at små skolar i seg sjølve ikkje sikrar betre læringsutbytte. Det er ein svak tendens til det motsette, både når det gjeld psykososialt miljø og læringsutbytte [Nordahl-rapport-Skolestørrelse](#). Omfordelinga av midlane til andre skolar gjer at skolane får auka handlingsrom til å møte alle elevars behov. Kommunedirektøren vurderer at kompenserande tiltak vil gjere overgangen til ny skolekvardag god. Kompenserande tiltak er til ei viss grad omtala i dette notatet, samtidig som innspela frå høyningsrunden skal nyttast til å føreslå og setje i verk dei tiltaka som det kjem fram er viktigast for elevar, føresette og tilsette. Endringa er størst for elevane på Sola og Håland og kommunedirektøren har eit særleg ansvar for å trygge elevar, føresette og tilsette i overgang til ny skolekvardag. Føresette har i samband med skulenedsleggingane stilt spørsmål ved i kva grad barna på Sola og Håland er tekne omsyn til og høyrd.

Barna sine innspel er komne fram og høyrd gjennom føresette, lærarar, tillitsvalde, rektor, aksjon, fakkeltog, budsjettdebatt, ungdomsråd, innsende spørsmål i nettmøte, medieoppslag og e-postar til kommunedirektøren. Innspela

er komne skriftleg og munnleg. Elevråda er av dei som får ein særleg invitasjon til å sende inn synspunkt no som høyringsnotatet om skolekretsar er ferdigstilt til formell høyringsrunde. Innspela vil vurderast når sak om revidert skolebruksplan skal endeleg handsamast i kommunestyret 20.mars 2025. Barnets beste er omtala i HØP 2025-2028 og sak 131/2024 og ligg til grunn for vurderinga i dette høyringsnotatet, med innspel som kom frå ulike aktørar i politisk runde i perioden 24.oktober – 3.desember 2024.

## Barnets beste i et samfunnsmessig perspektiv

### **Dei sårbare barna**

Kommunedirektøren har fått melding frå føresette til sårbare barn om bekymringar knyt til overgang til ny skole. Skolebyte kan vere ekstra krevjande for sårbare barn. Kommunen skal sikre gode overgangar gjennom det etablerte laget kring desse og andre elevar, slik at informasjon om kva som tryggjar barnet vert overført til ny skole straks eleven har fått ny skoleplass. Kommunen har eit oversiktleg og godt støtteapparat som vil følgje opp elevar, føresette og lærarar kring barnet. I arbeidet med overføring til ny skole, vil kommunen syte føre barnets beste vurderingar i det einskilde tilfellet, basert på det einskilde barnets og føresette sitt behov for å trygge overgangen og oppstarten på ny skole. Kommunens heilskaplege kompetanse vert nytta for å kvalitetssikre det generelle og individuelle arbeidet i overføringa.

### **Skoleskyss**

Kommunen har vurdert innspela kring ulempene med å ta skoleskyss. Føresette peikar på at barna må nytte større delar av fritida si på transport til og frå skole. Elevane mistar naturopplevinga ved å gå til skolen, samhaldet på skolevegen og fleire er redde for trafikktryggleiken til barna om dei må ta rutebuss til skolen.

Kommunedirektøren er samd i at lengre skoleveg kan føre til at fleire føresette kører ungane sine til skolen. Klimagassutsleppa vil auke. Utsleppa kan reduserast dersom føresette og elevar vel sykkel og nyttar kollektivtransport. Føresette kan følgje barna til bussen i følgjegrupper, og slik sikre at elevane både får seg ein gåtur og reiser miljøvenleg. Mange kører ungane sine til skolen også i dag, men no kan køyretida aukast dersom føresette må køre i motsett retning av arbeidsstad. Kommunedirektøren oppmodar til å lage følgjegrupper i nabolaga. Det er eit inkluderande folkehelsetiltak, som også gjer at fleire kan ta bussen saman i staden for å køyrast. Fleire er redde for at oppvekstmiljøet knyt til å leike på skolen, vil forsvinne når elevane ikkje går på skole der.

Dersom føresette organiserer følgjegrupper, kan ein bevare samhaldet mellom ungane i bygda og sikre at gode opplevingar langs skolevegen kan halde fram. For ein 2.klassing kan det vere langt å gå inntil 4 km før rett til skyss slår inn. Å gå i

lag til bussen vil gjere skolevegen både tryggare og kjekkare. Folkehelsegevinsten er god. Trygg trafikk tilrår sykling først når elevane går i 5.klasse.

Kommunen vurderer at den korte reisetida elevane får på bussen, ikkje reduserer fritida vesentleg. Det tek om lag 10 minutt frå Sola skole til Haga skole, inkl. gange frå busstopp til Haga skole og om lag 12 minutt frå Sola skole til Sande skole. I tillegg kjem distansen frå heimen til Sola skole busstopp. Elevane kan nyte naturen og ha godt følgje med medelevar på veg til og frå bussen, på same måte som dei får det på veg til skolen i dag. Det vil også vere mange elevar som tek bussen saman og kan ha det sosialt også der. Elevane kan leike på Sola skole både før og etter bussturen. Skolebygget skal vere tilgjengeleg for bygda.

Kommunedirektøren ser ikkje at naturopplevingane, samtalen og leiken på skolevegen vert hindra vesentleg av at elevane tek skulebuss. På Håland skole er også Dysjaland skole i relativt kort nærleik til heimen. Somme har eldre søskjen eller kjende naboungar som går på ungdomsskole på Dysjaland skule. Dette kan trygge skolevegen. Det er å rekne med at mange elevar vil sykle eller gå til skolen, sjølv om skolevegen vert noko lengre enn i dag. Fylkeskommunen bed kommunen vurdere å skyve skulestartida på Skadberg skole til klokka 8.30, slik at buss 41 korresponderer med starttida på skulen, for dei elevane i sørabygda som soknar til Skadberg.

Kommunedirektøren har forståing for at ein ikkje ønskjer lengre skoleveg enn i dag. Barna får ein ekstra etappe på veg til skulen og det kan opplevast som ei bør av både elevar og føresette. Samstundes er skyssordninga eit verkemiddel for at innbyggjarar skal kunne bu spreidd i kommunen og likevel ha gode moglegheiter for å kome seg trygt til skulen.

Omsyn til trafikksikker skoleveg inngår i vurderinga i det einskilde tilfellet når retten til skoleskyss vert saksbehandla av kommunen. Kolumbus/Fylkeskommunen har lang erfaring med skoleskyss i fleire delar av kommunen og fylket, og tek omsyn til elevane sin tryggleik, miljø og helse på strekninga. Retten til skoleskyss vert rekna ut frå distanse til nærskolen. På side 4 og 5 i vedlegget som er lenka opp i enden av avsnittet, står informasjon om avstandar og rettar til skoleskyss. I saksbehandlinga knyt til elevars rett til skoleskyss, vert det gjort ei individuell barnets beste vurdering. Om vurderinga tilseier det, kan unnatak frå hovudregel gjerast. De kan lese meir om skoleskyssordninga her: [Skoleskyss](#)



### **Sosioøkonomiske tilhøve som følgje av at bygda får ny nærskole:**

Det er uttrykt bekymringar knyt til om bustader i Håland og Sola skolekrets vil få lågare marknadsverdi og om bygda vil avfolkast. Kommunedirektøren vurderer at begge bygdene har kort veg til sentrale delar av kommunen og nærkommunen og at det er lite som tilseier at nedlegging av barneskolane får denne verknaden. Innbyggjarane har kort veg til tilbod som er viktige når folk vil busetje seg. Det er små avstandar i Sola kommune, og kombinasjonen av landlege tomter med kort veg til sentrumstilbod kan også vere ein attraktiv kombinasjon. Det er viktig å halde liv i bygdas aktivitetar og kommunedirektøren oppmodar til å halde fram med og utvide tilboden av ulike aktivitetar knyt til Sola skole som bygdesentrum. Det er uvisst kva Håland skole skal nyttast til i skrivande stund, men Sola skole kan nyttast av innbyggjarane til aktivitetar dei ønskjer å ha der, og det kan også vere med på å danne eit attraktivt lokalmiljø. Kommunen vil halde opne uteområda på skolane, slik at barna kan treffast der også i tida framover. I høyingsrunden kan innbyggjarar spele inn kva dei treng og ønskjer frå kommunens side for å halde fram med eit godt lokalmiljø der skoleområdet er ein sentral faktor.

### **Pedagogisk utbyte:**

Fleire føresette har stilt spørsmålet om kommunen kan sikre at elevane får betre opplæring på nye skolar. Kommunedirektøren kan forsikre om at skolane i Sola har jamt god kvalitet og at alt tilseier at tilboden vil vere like godt på ny skole. Endringa medfører at dei aller fleste elevane i Sola kommune får betre lærardekning. Fagmiljøet er også breiare på større skolar og alt ligg til rette for framleis god opplæring på ny skole.

### **Trygt og godt skolemiljø**

Nordahl viser i si forsking til at skolestorleik har lite å seie for eit trygt og godt skolemiljø. [Skolestorrelse og sammenheng med elevenes trivsel og læring](#) Barnas beste kan dermed ikkje relaterast til skolestorleik. Nye klasse samsetjingar som følgje av at nye elevar skal inn i nye klassar, krev gode overgangar mellom elevar, lærarar og føresette. Elevane kan kjenne seg utrygge på om dei får nye venner eller mistar dei dei har no. Dei skal også verte kjende med nye lærarar og system. Tilsette i kommunen har god kompetanse og kunnskap frå planverk for overgangar kan nyttast. [Plan overgang barnehage/skole](#), i tillegg til kompetanse hjå laget rundt eleven. Skolane sine ressurslag vert også viktige i desse overgangane. Tryggjande tiltak skal starte tidleg i april, kort tid etter at elevane har fått vedtak om ny skoleplass. Regelverk om skoleskyss seier at det skal vere tilsyn når elevane kjem med skoleskyss for å sikre trygg skoleveg.



## Barns beste i eit økonomisk perspektiv

Nedlegginga av to skolar frigjer midlar til å styrke dei andre skolane i kommunen. Eit likeverdig tilbod er viktig for at alle barn i Sola skal få gode og trygge læringsmiljø. Elevane på Sola, Håland og Dysjaland har langt høgare lærartettleik enn dei andre skolane har. Lærarar på alle skolane får no betre høve til å følgje opp alle elevar. Stordriftsfordelane kan også rette opp i att fagmiljøet på små skolar ikkje alltid er tilstrekkeleg. Fleire lærarar har breiare samla fagkompetanse. Frigjorte midlar gjer at skolane har bemanning over lærarnorm og handlingsrom dei ikkje hadde før nedlegginga. Det er å forvente at omfordelinga av midlar vil ha god sosioøkonomisk verknad for alle barna i Sola kommune, knyt til læringsutbyte og tryggleik.

## Kultur, idrett og lokalmiljø

Elevane på både skolane må stort sett ut av skoleområdet for å delta på aktivitetar. I sørabygda trengs elevane frå både skolane for å rekruttere til idrettslag. Å vere saman på skolen kan styrke fellesskapen og gjere det lettare for idrettslag å stille lag og vere store nok. På Sola skole må elevane også ut av bygda for å kunne velje blant mange tilbod. Tilboda som er på skolen i dag kan halde fram. Kommunedirektøren ønskjer at både bygga og uteområda skal nyttast sjølv om skolane vert lagde ned. Aktivitetar treng ikkje flyttast. Avhengig av kva som skjer med Håland skole, vil kommunedirektøren leggje til rette for at aktivitetane kan flyttast til andre bygg i kommunen. Gamleskolen på Dysjaland vert renovert i 2025 og skal vere eit allaktivitetshus for heile sørabygda.

## Bustadutvikling, klima og miljø

Kommunedirektøren har fått spørsmål om kva planar kommunen har for å stimulere til bustadutvikling. Kvithei er framleis eit aktuelt område og dersom det vert bygd ut her, får alle elevane plass på Dysjaland, som trass at elevane frå Håland kjem over, vil redusere elevtalet sitt frå 420 til 280 på 6 år med utgangspunkt i dagens tal. Det er ikkje planlagt større utbyggingar i Sola skolekrets og iom at dette er eit område med mange gardsbruk, vil utbygging regulerast i høve til LNF-område og regelverk for vern av matjord. Følgjande står å lese om planane for utbygging i Kommuneplan for Sola [Kommuneplan for Sola 2019 - 2035](#)

*Hogstad, Sømme, Tjora, Utsola og Kirkesola ligger i hovedsak innenfor regional grønnstruktur og langsiktig grense mot jordbruksområdet. Arealene nord for Sømme barnehage/Sola prestegårdsveg er viktige for landskapsrommet samt det vernede våtmarksområdet i Strandnesvågen. Arealet sør mellom Sola prestegårdsveg og rv. 509 består av god, dyrket jordbruksjord. Deler av forsvarsets anlegg ved Sola sjø, som ligger helt sørøst i området, er nå overtatt av kommunen. Området er belastet med flystøy, og i deler av*

*områdene er det forminner som gjør all form for utbygging vanskelig. Områdene nord for Sola kirke er et stort, sammenhengende jordbruksområde. I nord grenser jordbruksarealene opp mot havne- og industriområdet i Risavika. Av hensyn til Sola ruinkirkens særlige verdi og beliggenhet i landskapet, kan ikke området rett foran/vest for kirken bygges ut. Det ble i kommuneplan 2007 – 2018 lagt inn et areal til utvidelse av parkeringsplassen*

*Sørabygda: I denne delen av kommunen skal jordbruket ha klar førsteprioritet, og det skal i minst mulig grad være nedbygging av dyrket og dyrkbar jord. Det er to boligområder i denne delen av kommunen: Hålandsmarka og Tjelta. Boligbyggingen er preget av eneboliger og småhus. Områdeplan for ny bebyggelse på Kvithei er vedtatt, og Sola tomteselskap jobber nå med å gjøre området byggeklart.*

Dersom fødselstala held fram med å synke i lang tid framover, er det lite som tyder på at det vert behov for å oppskalere skolekapasiteten i desse områda. Andre verdiar ved bustadområda må difor løftast fram for å få folk til å busetje seg der. Landlege eigedomar nær sentrumskjernar med mangfaldige tilbod, er attraktivt for mange. Samstundes ønskjer fleire unge å kjøpe bustader dei har råd til og då fell valet gjerne på mindre og rimelegare bustader som ein får kjøpt på Jåsund og Skadberg. Miljømedvitne innbyggjarar ønskjer også å busetje seg i område med gode kollektivtilbod. Om og når det eventuelt kjem eit oppsving i folketallet i dei nedlagde kretsane, vil kommunedirektøren ivareta nye behov i kommune- skole- og barnehagebruksplan.

## Føresette

Når føresette får barna på ny skole, kan det opplevast utrygt. Sorga over å miste noverande nærskole er tung og kvardagslogistikken kan bli utfordra. Barna skal få nye klassekameratar og både barn og føresette er spente på om dei vil få nye venner og halde på dei gamle. Fleire føresette har også stilt spørsmål til kva status ungane vil få på ny skole. Føresette skal også bli kjende med nye føresette, deira barn og nye lærarar. Fordelane kan vere at føresette og barn har fleire å spele på den nye skolen. Kommunedirektøren legg opp til fleire aktivitetar som skal skape samhald og god kontakt allereie før elevane går på sommarferie i 2025. Det vil også bli felles foreldre- og FAU-møte utover våren 2025.

## Tilsette

Også for tilsette vert kvardagen anngleis. Dette kan skape utryggleik. For å avklare framtida til alle tilsette som er på dei nedlagde skolane, har lærarane allereie fått tilsendt plan for kva som skal skje framover. Planen er utarbeidd av skolesjef saman med tillitsvalde og verneombod. Alle skal ha fått ny arbeidsstad på ein annan skole i Sola kommune innan 31. januar 2025. Tilsette kan i



overføringsprosessen informere om særlege tilhøve som kan påverke plassering på ny arbeidsstad. Sosiale tilhøve eller livssituasjon kan gjøre at somme treng særleg tilrettelegging. Det er skolesjef som saman med rektorane tek den endelige avgjerda på plassering i samråd med den tilsette. Dei tilsette er ikkje forplikta til å følgje einskilde barn eller klassar over til ny skole. Dersom dei ikkje skal følgje elevane over til ny skole, skal dei likevel ha ei tryggande rolle våren 2025, når elevane skal bli kjend med elevar og lærarar dei skal gå saman med frå hausten 2025. Tilsette skal gjøre seg kjende med ny skolekultur og nye kollegaer. Rektor har eit særleg ansvar for at overgangen vert god. Det er positivt at lærarane kan ta del i eit større fagmiljø og gjerne få brukt fleire av faga dei har kompetanse i. I eit større kollegium vi det også vere fleire å utvikle seg saman med.

## **Leiarar**

Leiarane på dei nedlagde skolane skal også inn i nye stillingar. Dysjaland, Sande og Haga vil få auka leiingsressurs. Det medfører at eksisterande arbeidsoppgåver gjerne må fordelast på andre måtar. Det er positivt at auka storleik på ein skole gjer det mogleg å ha ei meir talrik leiing, slik at leiinga kan arbeide fleksibelt. Nordahl viser i rapporten om skolestørleik til at skolar med 300 elevar og oppover dreg nytte av stordriftsfordelar i leiinga. Kommunedirektøren tilrar å bruke tid på leiargruppa, for å sikre godt samarbeid.

## **Bruk av bygg**

Når skolane vert betre utnytta enn dei gjer i dag, kan det medføre at andre aktørar ikkje slepp til på same måte som no. På Haga skole vil Jåsund avlaste elevtalet i 2027. Haga skole får relativt få elevar frå Sola og det er liten grunn til å tru at nye elevar hindrar eksisterande sambruk. På Dysjaland skole vert gamleskolen ferdig i 2025 og skal vere eit all-aktivitetshus for alle i bygda. Både Haga og Dysjaland vert rehabilitera i perioden, men her har kommunen planlagt for gode alternative rom nært knyt til hovudbygga. Det er i sak 131/24 [Barnets beste vurderingar i samband med skulenedlegging og endra skulekrins](#) gjort ei barnets beste vurdering knyt til overflyttinga av elevar samtidig som skolane vert rehabilitera. Kommunedirektøren vurderer at det å ha 1. og 2. klasse i Tjelta barnehage i 2025 – 2027 er beste løysing for dei fleste barna av omsyn til at alle elevane då har kort avstand til kvarandre, at lærarkollektivet har kort avstand og at alle elevane vert skyssa/syklar/går til same skule i bygda. Dette skaper samhald i bygda og på skulen. Det kom innspel i prosessen om å nytte Håland skole som avlasting i rehabiliteringsperioden. Dette ville medført to lokasjonar med stor avstand mellom seg, eit meir splitta kollegium og ein meir utfordrande kvardagslogistikk for føresette med barn på ulike trinn. Samstundes er det uvisst kva som skal skje med Håland skole etter nedlegginga.

Sande skole ligg sentrumsnært med kort avstand til andre kommunale bygg.

Dersom sambruk med andre aktørar vert vanskelegare, kan andre lokale i sentrum nyttast for desse aktørane. Kommunedirektøren vil hjelpe til med å vurdere eigna lokale. Kommunedirektøren vurderer å ha handlingsrom til å tildele andre område dersom det viser seg at sambruk med andre på skolane, vert hindra frå hausten 2025. Sola skole vil ha noko ledig kapasitet til andre, dersom vaksenopplæringa ikkje veks vesentleg i åra som kjem.

### ***Utstyr***

Utstyr kan flyttast frå noverande skolar til nye skolar. Kommunen har utstyr som kan setjast ut på skolane. Chromebookane tek elevane i all hovudsak med seg, og somme får nye frå kommunen. På mottakarskolane må nye lærarar få kontorplassar med naudsynt utstyr. Skolesjefen vil handtere ulike behov knyt til utstyr våren 2025, slik at alle er godt utstyrt ved oppstart av nytt skoleår.

### **Kompenserande tiltak**

Når reviderte skolekretsar skal vedtakast 20.mars 2025, vil kommunedirektøren vurdere kompenserande tiltak basert på høyingsrunden og på ROS-analysane som også er gjennomførte når høyingsfristen går ut. Tiltaka skal bøte på uheldige konsekvensar ved endringane i skolestrukturen. Tiltaka kan omhandle skoleveg, sårbare barn eller andre opplevde ulemper utover dei som er nemnde i dette høyingsnotatet.



## **Nærskoleprinsippet i opplæringslova og konsekvensar det har for revidering av skolekretsane**

Opplæringslova § 2-6 seier at elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. I vedtekne skolegrenser/inntaksområde for Sola kommune, er det teke omsyn til at elevar i eit nabolag kan få gå på same skule. Somme av elevane høyrer difor til ein annan skole enn den som ligg nærmast.

I skolebruksplanen legg kommunen særleg vekt på kva for ein skole som ligg nærmast heimen til den einskilde elev [Sola kommune skolebruksplan-2023-2033](#). Kommunen tek omsyn til topografi, trafikktihøve og kapasitet på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole. Om foreldre har ein god grunn, kan søknad om skolebytte til ein annan skole bli innvilga.

Følgjande står under kapittel om Nærskolerett i Skolebruksplanen 2023-2033:

*Sola kommune definerte i skolebruksplan 2012-2022 inntaksområder som en beskrivelse av hvilke områder som ligger nærmest de ulike skolene, slik at skolene kan dimensjoneres for elevtallsutviklingen i inntaksområdet og gi forutsigbarhet i elevenes skoletilhørighet. Dersom elevene bor nærmere en annen skole enn inntaksområdene viser når en måler faktisk avstand langs veier i terrenget, har eleven rett til å gå på den nærmeste skolen. Da en utarbeidet inntaksområdene tok en hensyn til nærhet til nærmeste skole, planlagt utbygging av veier i planperioden, topografiske avgrensninger og gamle kretsgrenser.*

I etterkant av framskrivingane i skolebruksplanen har elevtalet gått vesentleg meir ned enn skolebruksplanane viser. Utviklinga i Sola kommune samsvarer med Perspektivmeldinga som er referert i HØP 2025 - 2028. Elevtalet er synkande og tal på eldre i kommunen aukar. Reelle fødselstal henta ut frå registrert fødde og tilflytta, viser at nedgangen er større enn framskrivingane planlegg for. Sola kommune har vedlagt å leggje høg framskriving til grunn for å predikere folketalsutviklinga. I lys av dette vert avviket mellom framskriving og reelle tal ekstra stort. Skolebruksplanen omtalar usikkerheita knyt til framskrivingstala, og reelle tal viser at framskrivingane ikkje treff og heller ikkje kjem til å gjere det i perioden fram til 2030. I 2027 skal skolebruksplanen rullerast og eventuelle endringar i anna retning enn nedgangstendensen i framskrivingane, Perspektivmeldinga og reelle fødselstal kan handsamast då. Avviket me ser i dag kan forståast i lys av usikkerheita knyt til tala, som omtala seinast i Skolebruksplanen 2023-2033, der ein ikkje tok høgde for reelle fødselstal.

**6.4. Usikkerhet: Prognosar er usikre og usikkerheten øker jo mindre**

*grupper vi framskriver for og jo lengre fram i tid vi ser. Dette betyr at befolkningsfremskrivingen for aldersgruppen 6-15 år (skolebarn) er mer usikker enn for hele befolkningen. Samtidig er usikkerheten for siste prognoseår (2033) høyere enn for første prognoseår (2022).*

Skolebruksplanen 2023 – 2033 skriv følgjande om kapasitetsmål og korleis handsame endringar i kapasitet:

*Når det er mye usikkerhet knyttet til prognoser om elevkapasitet, kan kommuner løse det ved*

- å bygge ut slik at en har ledig kapasitet på aktuelle skoler
- flytte kommunedekkende tilbud som innføringsgrupper til skoler med god kapasitet
- å justere skolenes inntaksområder
- la elever som bor nærmest en skole med kapasitet, bli tildelt skoleplass der når nærskolen er full
- midlertidig benytte spesialrom til klasserom
- Plassere modulbygg på skoler med midlertidig behov for apasitetsøkning.

*Hvilke alternativ som velges, handler både om kommunens økonomi og prioriteringer.*

Utdanningsdirektoratet har følgjande uttale knyt til omgrepene full skole:

*En skole er full i nærskoleprinsippets forstand når elevtallet har nådd en viss grense - skjønnsmessig, pedagogisk og bygningsmessig. Med et slikt maksimumstall som bakgrunn, må kommunen fordele de øvrige elevene på andre skoler på en forsvarlig og likeverdig måte, enten ved forskriftsregulering og/eller ved enkeltsaksbehandling. Selv om skolen blir ansett som full etter overstående kriterier, vurderer Utdanningsdirektoratet at det i realiteten som oftest vil være anledning til å ta inn tilflyttende elever som bosetter seg innenfor det området som i forskrift eller praksis blir definert å sokne til en enkelt skole. Det vil for eksempel også gjerne være elever som flytter ut av skolekretsen, noe som frigjør plass for tilflyttende elever. Utdanningsdirektoratet finner således at en skole kan vurderes som full ved fordelingen av kommunens elever ved skoleårets start, samtidig som det er kapasitet til å ta imot enkeltelever som kommer tilflyttende inn i skolekretsen gjennom skoleåret. Det at en elev som flytter inn i skolekretsen midt i skoleåret får skoleplass, samtidig som en som bor utenfor skolekretsen har fått avslag, vil ikke være usaklig forskjellsbehandling. § 8-1 - Nærskoleprinsippet og skolekretsgrenser*



## Kapasitetsmål for skolane ved 80 % utnytting

Område	Skole	Kapasitetsmål	Klasserom	Antall elever oktober 2022	Antall klasser oktober 2022
Sola sør	Håland	267	14	154	13
	Dysjaland	396	20	356	19
Sola sentrum	Skadberg	545	22	531	21
	Sola	141	7	80	7
	Sande	302	16	321	15+1
	Sola ungdomsskole	477	22	335	14+1
	Kjerrberget	336	14	275	13
Sola Nord	Røyneberg	365	17	311	14
	Grannes	230 (303)	12	283	15
Tananger	Storevarden	304 (381)	15 (18)	374	18
	Haga	411	16+3 i brakker	355	15+1
	Tananger ungdomsskole	346	17	275+25	12+2

Den reelle nedgangen i tal elevar som skal gå på skole sør i bygda og på Sola kole, er så låge at det er plass til dei på skolen som ligg nest nærest, det vil seie den skolen som er nærskole når noverande skole er lagt ned. Dette låg til grunn for forslaget om å leggje ned skolane. Alle skolane som vert påverka av nedlegginga vert omtala i dette notatet, men hovudfokus er på Sande skole, som er den skolen som bevegar seg opp mot 100 prosent kapasitetsmål i 2025, før elevtalet vert redusert også der. Alle andre skolar har kapasitet til å ta imot elevane som kjem utan at det tangerer kapasitetsmålet. Ved å nytte Tjelta barnehage til skole dei 2 åra Dysjaland vert rehabilert, går Dysjaland med elevtal godt under 80 % kapasitet i perioden. Formelen for 100% elevtal er: 80% elevtal /0,8= 100 %

Ved desimaltal har kommunedirektøren nytta matematiske avrundingsreglar.

Reelle fødselstal viser at Sande skole vil bevege seg mot 100 prosent kapasitetsmål på 377 - 378 elevar (377,5 er eksakt 100 prosents kapasitet) i 2025, før elevtalet deretter går nedover dei neste åra. I skolebruksplanen står Sande oppført med 302 elevar, men det er med 80 prosents kapasitet. I 2025 kan, dersom alle elevane frå Sola skole med nærskolerett vil til Sande, Sande skole få elevtal på 377 elevar basert på IST- tal frå skolegrensene per 30.10.24. Tala per 1.august 2024 var 376. Desse tala varierer noko gjennom året og difor legg me til grunn tala som gjeld frå oppstart av nytt skoleår, 1.august kvart år. Desse tala er klare i mars 2025.

Elevar fordelt på trinn på Sande skole 2025/2026 per 30. oktober 2024

1	2	3	4	5	6	7	Sum
64	53	46	54	51	61	48	377

Kommunen er kjend med at somme elevar med rett til å gå på Sande ønskjer å gå på Røyneberg eller anna skule i kommunen. I og med at elevar ikkje har søkt og fått vedtak om skoleplass enno, veit me ikkje kor mange elevar med skolerett på Sande, som kjem til å sökje på andre skular. Endeleg elevtal er klart i mars, når elevane har søkt skole og fått tildelt skoleplass. Sande skole er einaste skulen der elevtalet potensielt kan tangere kapasitetsmålet.

Alle elevar i kommunen får *Informasjonsskriv om forhåndsvarsle av vedtak om ny skoletilhørighet* medio januar 2025. Her kan føresette sende melding til kommunen dersom elev/føresette ønskjer anna skole enn den førebels tildelte. Endeleg tildeling av skoleplass vert sendt ut etter kommunestyrets handsaming av endra skolegrenser 20.mars 2025.

### Framskrivningane oktober 2024 bekreftar demografiutviklinga:

Sande skole:

Årstal	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Framskriving	347	336	325	323	325	315


I 2024 ligg Sande skole 24 elevar under framskrivinga per oktober 2024.

Sola skole


Årstal	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Framskriving	103	97	91	90	89	92

Det reelle elevtalet i 2024 er 80 på Sola skole, 23 elevar under prognose. Grafane nedføre viser at prognosane frå 2022-tala, som ligg i skolebruksplanen ikkje stemmer med nedgangen i dei nyaste framskrivingane. Nedgangen i prosent er

større enn førespeglia i 2022 og elevtalet me tek utgangspunkt i i 2024 vesentleg lågare enn utgangspunktet i prognosane frå 2022.



Prognosar for barn i aldersgruppen 6-12 år:										
2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030	2030/2031	2031/2032	2032/2033
111	86	83	74	66	63	62	61	64	64	66



Prognosar for barn i aldersgruppen 6-12 år:										
2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030	2030/2031	2031/2032	2032/2033
337	338	339	341	338	337	347	360	365	375	387

Skolebruksplanen 2023 – 2033 omtalar den sterke nedgangen i Sola skolekrets og reelle tal bekreftar dei største anslaga. Skolebruksplanen omtalar også at kapasitet på Sande skole må følgjast med på og vurderast i rulleringa av skolebruksplan i 2027. Skolebruksplanen opnar for utbygging av Sande skole, dersom det i slutten av planperioden viser at kapasiteten er sprengt. Reelle tal viser at Sande med nye elevar frå Sola held seg innføre kapasitet fleire år framover. Sola kommune held seg til at klassedelingstala skal vere pedagogisk forsvarlege og i tråd med lærar- og arealnorm. Om elevtalet, trass framskrivingar og reelle tal, likevel skulle auke, vil kommunen nytte skolebruksplanen for å handtere slike kapasitetsutfordringar på Sande skole:

Skolebruksplanen (2023- 2033) peiker på utvidingsmoglegheiter dersom Sande skulle bli full:

#### *Utvidelsesmuligheter*

- *Innføringsgruppen kan flyttes til Kjerrberget når råbygget er ferdig innredet. Dermed frigjøres ett klasserom.*
- *Elever som bor i ytterkant av inntaksområdet kan gå på naboskoler som Skadberg og Røyneberg dersom Sande blir full.*
- *Sande kan bygges ut med fire klasserom og det gir en kapasitetsøkning på 102 elever. Ifølge denne prognosene kan det bli behov for dette i siste del av denne planperioden.*

I tillegg har kommunen sidan 2022 vore i dialog med Læringssenteret på Sande i høve til både organisering og plassering. Læringssenteret er eit kommunedekkjande tilbod og kan på same måte som innføringsstilbodet plasserast på andre lokasjonar. Det skal gjerast ei vurdering av plassering og organisering i løpet av våren 2025. Her er dermed fleire moglegheiter for utviding om skolen skulle bli full i tråd med at kommunedekkjande tilbod kan flyttast, slik det er vedteke å gjere med innføringsklassane frå 2025.

Skolebruksplanen 2023 – 2033 gjev ytterlegare informasjon om prognosar i dei ulike kretsane. Framskriving per oktober 2024:



Plansonegruppe	Plansone	Aldersgrupper	År	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
	Totals			29 047	29 418	29 703	29 972	30 235	30 483	30 726
	Totals			1 615	1 625	1 632	1 638	1 644	1 650	1 655
	0 år			14	15	15	15	15	16	16
	1-2 år			33	33	31	32	32	33	33
	3-5 år			50	46	48	51	51	50	50
	6-12 år			156	154	147	136	131	130	127
	13-15 år			76	78	70	71	71	67	64
	16-18 år			66	66	80	71	72	65	67
	19-44 år			575	573	566	566	561	565	565
	45-66 år			462	468	467	482	488	487	487
	67-79 år			123	134	143	150	157	167	176
	80-89 år			49	45	52	50	51	50	51
Dysjaland 1-10 skr	90+ år			11	14	13	15	14	18	19
	Totals			3 294	3 383	3 452	3 516	3 575	3 628	3 678
	0 år			41	43	45	47	48	49	50
	1-2 år			82	86	92	95	98	100	102
	3-5 år			138	146	135	137	140	146	149
	6-12 år			290	298	312	309	314	309	307
	13-15 år			136	127	119	113	120	127	128
	16-18 år			122	121	133	142	133	127	123
	19-44 år			1 233	1 272	1 288	1 313	1 332	1 357	1 377
	45-66 år			847	862	875	891	904	916	925
	67-79 år			290	311	328	337	350	351	362
	80-89 år			101	102	109	112	114	124	129
Grannes barnesk	90+ år			12	15	18	20	22	23	24
	Totals			4 502	4 589	4 662	4 734	4 804	4 872	4 938
	0 år			56	58	58	59	60	61	61
	1-2 år			118	116	119	121	122	124	125
	3-5 år			167	180	180	181	179	183	185
	6-12 år			394	391	385	395	401	409	413
	13-15 år			145	154	167	173	175	160	167
	16-18 år			163	165	164	151	158	171	175
	19-44 år			1 686	1 703	1 720	1 744	1 754	1 756	1 759
	45-66 år			1 174	1 201	1 233	1 241	1 265	1 294	1 303
	67-79 år			434	448	444	465	473	488	515
	80-89 år			150	158	171	176	186	195	199
Haga barneskole	90+ år			13	16	21	29	30	32	35
	Totals			1 727	1 724	1 716	1 708	1 700	1 693	1 687
	0 år			15	16	16	16	17	17	17
	1-2 år			28	30	33	33	33	34	34
	3-5 år			54	53	48	47	49	51	51
	6-12 år			144	138	137	133	125	121	121
	13-15 år			90	82	70	71	72	71	66
	16-18 år			132	120	107	89	82	71	72
	19-44 år			563	570	587	587	580	569	557
	45-66 år			521	530	530	535	535	546	542
	67-79 år			136	140	139	140	144	150	156
	80-89 år			34	38	41	50	56	56	59
Håland barneskol	90+ år			8	7	8	7	8	8	10
	Totals			3 207	3 259	3 302	3 343	3 382	3 420	3 456
	0 år			34	35	36	36	37	37	38
	1-2 år			77	75	75	76	77	78	79
	3-5 år			131	132	131	126	124	124	126
	6-12 år			328	333	326	324	322	318	317
	13-15 år			136	129	136	140	147	143	138
	16-18 år			122	127	134	135	129	135	138
	19-44 år			1 143	1 162	1 157	1 157	1 166	1 179	1 184
	45-66 år			885	898	922	946	957	967	975
	67-79 år			258	268	284	292	306	311	324
	80-89 år			82	88	87	95	99	107	118
Røyneberg skole	90+ år			10	12	15	18	19	20	19
	Totals			4 101	4 126	4 142	4 157	4 171	4 185	4 199



Røyneberg skole	90+ år	10	12	15	18	19	20	19
	Totals	4 101	4 126	4 142	4 157	4 171	4 185	4 199
	0 år	43	44	45	46	47	47	48
	1-2 år	85	85	90	91	93	94	95
	3-5 år	125	125	129	134	134	138	140
	6-12 år	347	336	325	323	325	315	312
	13-15 år	156	160	159	156	143	147	152
	16-18 år	137	145	148	153	158	157	153
	19-44 år	1 393	1 406	1 412	1 415	1 420	1 427	1 429
	45-66 år	1 044	1 058	1 077	1 085	1 096	1 102	1 108
	67-79 år	431	434	420	428	434	437	449
	80-89 år	275	265	266	258	257	256	248
Sande barneskole	90+ år	65	68	70	68	65	65	64
	Totals	5 011	5 083	5 143	5 199	5 254	5 305	5 356
	0 år	62	63	65	66	68	69	70
	1-2 år	126	121	130	132	135	137	140
	3-5 år	203	201	197	197	193	202	205
	6-12 år	524	508	500	495	495	483	472
	13-15 år	246	250	239	235	215	218	223
	16-18 år	222	229	237	241	245	235	230
	19-44 år	1 841	1 871	1 886	1 906	1 924	1 938	1 957
	45-66 år	1 342	1 374	1 397	1 413	1 441	1 452	1 457
	67-79 år	333	353	366	383	400	424	444
	80-89 år	94	93	104	112	117	126	137
Skadberg barnesk	90+ år	17	20	21	20	21	20	21
	Totals	1 272	1 279	1 281	1 284	1 287	1 291	1 297
	0 år	10	10	10	10	10	10	10
	1-2 år	24	25	21	22	22	22	22
	3-5 år	24	26	34	36	37	35	35
	6-12 år	103	97	91	90	89	92	94
	13-15 år	67	56	64	59	56	54	53
	16-18 år	73	83	71	65	58	63	59
	19-44 år	418	419	421	423	432	424	419
	45-66 år	413	412	416	415	409	414	416
	67-79 år	110	119	115	122	129	130	132
	80-89 år	25	25	34	36	39	43	50
Sola barneskole	90+ år	7	6	5	6	6	5	5
	Totals	4 319	4 350	4 372	4 395	4 418	4 439	4 461
	0 år	53	53	52	52	52	52	53
	1-2 år	114	113	110	109	109	109	109
	3-5 år	188	177	184	174	173	170	169
	6-12 år	434	449	439	433	435	430	425
	13-15 år	157	146	161	182	183	185	178
	16-18 år	140	152	142	150	142	154	172
	19-44 år	1 517	1 534	1 534	1 518	1 521	1 500	1 492
	45-66 år	1 126	1 099	1 103	1 098	1 110	1 123	1 129
	67-79 år	459	479	491	509	517	529	536
	80-89 år	116	134	140	156	160	173	182
Storevarden barn	90+ år	15	14	15	14	15	14	16

## Nærskoleområde og demografi

Dei fleste elevane på Sola skole får nærskolerett på Sande skole. Mellom 45 og 55 elevar vil ha Sande som nærskole og mellom 15-25 elever vil ha Haga skole som nærskole. Innbyggjarar har spurt om Røyneberg skole kan vere eit alternativ. Kommunedirektøren vil opne for at elevar kan søke seg til Røyneberg, men opererer ikkje med Røyneberg som nærskole, fordi det er lengre avstand til Røyneberg enn til Sande for solaelevane. Dersom det er klassekameratar frå Sola som ønskjer å gå saman, men ikkje høyrer til same skolekrets frå 2025, vil det i skoleåret 2025 – 2026 vere lettare å gi desse plass på Røyneberg eller Haga skole, enn på Sande. Det kan vere at det vert ledig plass på Sande også, dersom fleire med nærskolerett på Sande vel andre skolar. Desse avgjerdene vert tekne når endeleg tildeling av skoleplass skjer i slutten av mars 2025.

## Økonomiske konsekvensar ved nedlegging av Sola skole

På dei fleste andre skolane i kommunen er det høve til å drive meir effektivt innanfor ramma som norma om lærartettleik gir. Den seier at det maksimalt kan vere 15 elevar per lærar på trinna 1-4, og maksimalt 20 elevar per lærar på trinna 5-10 [Kalkulator for lærernorm \(2019-20 og utover\)](#). Nedlegginga av skolane fører til jamnare ressurstildeling for alle skolane og ressursar per elev vert styrka. Ei jamnare fordeling av ressursar for alle elevar i Sola kommune, er venta å gi samfunnsøkonomisk gevinst i høve til gjennomføring og meistring i skolen og lærartettleiken vert styrka.

Skolebygget skal nyttast vidare, til dømes som tilhald for vaksenopplæring eller anna eigna verksemder. Bygget kan også nyttast av bygda til aktivitetar innbyggjarane ønskjer å ha der, som til dømes legoklubb og andre aktivitetar som er etablerte på skolen. Det er eit mål at kommunens bygg skal ha stor kapasitetsutnytting både dag og kveld. Skolegarden skal haldast open og i god stand for ungane i bygda.

## Konsekvensar for Sande SFO

Sande skole SFO kan ta imot fleire barn. Dei har også opplevd ein auke i talet på barn, særleg det siste året. At SFO har samdrift med skolen, som vil seie at dei nyttar lokale på skolen, gjer at dei har gode vekstvilkår. Det vart vedteke å byggje ut SFO-kjøken i HØP 2025 – 2028.



## **Konsekvensar for SFO-ane i Haga skole sin krins**

Både Haga SFO og Tananger menighets-SFO har hatt ein jamn auke i SFO-barn dei siste åra. Samla var det 106 barn i 2022, 124 i 2023, og 152 i 2024. Ein grunn til auken er ordninga med 12 timer gratis SFO frå og med august 2024.

Haga SFO melder at også dei vil klare å handtere ein auke i barn i SFO-tilbodet. Dei nyttar eigne rom, men vil klare å handtere ein ytterlegare vekst i talet på SFO-barn. Ved behov kan Haga SFO gå i dialog med skolen om bruk av rom på skolen.

Hausten 2024 har Tananger menighets-SFO 62 SFO-barn. Dei har godkjenning for 70 plassar, og har med det kapasitet til fleire barn.

## **Konsekvensar for Røyneberg skole**

For elevane som bur sør-aust i kretsen til Sola skole er det Sande skole som ligg nærmast der dei bur. Det er likevel ikkje mykje lengre avstand til Røyneberg skole. Om nokre av elevane i staden skulle ønske å starte på Røyneberg skole, vurderer kommunedirektøren at det vil vere riktig å imøtekome dette. Røyneberg skole vil ikkje ha problem med å ta imot nokre nye elevar. Det vil heller ikkje Røyneberg SFO ha, som har rom til å ta seg av nye barn.

## **Konsekvensar for ungdomsskolane**

I dag hører Sola skole sin krets i sin heilskap til Sola ungdomsskole sitt rekrutteringsområde. Kommunedirektøren vil ved teikning av nye skolekrinsar gå inn for ei justering i form av utviding av krinsen til Tananger ungdomsskole. Det er naudsynt fordi vi ser at området Tjora/Hogstad ligg nærmare Tananger ungdomsskole enn Sola ungdomsskole. På den måten får vi laga ei krinsgrense som er identisk som den som vil gå mellom Haga skole og Sande skole.

## **Forslag til nye skolekrets Grenser**

Forslag til nye kretsar ligg i slutten av dokumentet.



## Økonomiske konsekvensar for Håland skole

Også i Håland skolekrets er elevtalet i rask nedgang. I dag har Håland skole 129 elevar. I 2022 var talet 154, i 2020 var det 183 og når dei som er fødde i 2018 – 2024 går på skolen, er talet nede i om lag 100 elevar. På Dysjaland er elevtalet i same periode kome ned i om lag 180 elevar inkludert ungdomskolen. Samla elevtal med Hålandelevene vert då ca. 280. Det er ein reduksjon på 140 elevar i sørabygda løpet av dei neste 6 åra. Det har over tid vore planar om utbygging på Kvithei. Førebels er ikkje dette realisert og om det skulle bli tilfelle, vil det ta mange år før det utløyser behov for meir skulekapasitet enn Dysjaland skule har i dag. Nedlegginga frigjer midlar til andre skolar i kommunen. Også Dysjaland har per i dag høg kost per elev, og overflyttinga av elevar frå Håland, gjer at drifta vert økonomisk berekraftig.

Håland skole har nynorsk som målform. Det betyr at skolen er forplikta til å gi elevar, uansett kor få dei måtte vere på eit klassetrinn, opplæring på nynorsk i alle skriftlege aktivitetar. For at skolen skal vere forplikta til å gi opplæring på bokmål, må det vere minst ti elevar på klassetrinnet som ønskjer bokmål som hovudmål. I dag har 80 av desse har bokmål som hovudmål. Bokmål har vore i fleirtal kvart år det siste tiåret.

Ved ei nedlegging, vil det meste av skolekrinsen til Håland skole bli lagt til Dysjaland skule. Unntaket er eit område i den nordvestre delen (Nordsjøvegen/Kleppvegen), som vil ha noko kortare veg til Skadberg skole. Desse elevene vil deretter ha Kjerrberget ungdomsskole som sin nærskole. Ingen av skolane vil ha problem med kapasitet til å ta imot elevar som i dag hører til Håland skole.

## Valfridom for eksisterande elevar og sysken av dei

Deling av skolekrinsen til Sola skole og Håland skole kan gjere at relasjonar som har blitt etablert mellom elevar blir brotne.

For å unngå dette, innstiller kommunedirektøren på at noverande elevar ved desse skolane kan søkje anna skole enn nærskolen. Det vil seie at ein elev busett nord i Sola skole sin krins kan søke til Sande skole eller Røyneberg skole i staden. Tilsvarande kan ein elev som bur nord-aust i Håland skole søkje om å gå Dysjaland skule, slik at eleven kan gå i lag med kameraten eller venninna si. Med det følgjer moglegheita alle føresette har til å søkje om skolebytte for sitt barn ut frå gjeldande reglar om skolebytte. Skolebytte føreset at det er ledig kapasitet på ønska skole. Dersom det ikkje er ledig på ein av skolane, kan venene søkja om å gå saman på ein av dei andre skolane som er påverka av nedlegginga. Venskap er

ikkje eit av kriteria for å få innfridd skolebyte, men kan vurderast dersom det er plass. Somme gonger er det godt at vene går saman, andre gonger ikkje. Klassesamansetjing skal gjerast med tanke på best mogleg læringsfellesskap.

For komande elevar på 1. trinn vil vi følgje skolekretsane og nærskoleprinsippet. I søknader om skulebyte, vil kommunen ha dialog med lærarar og føresette for å sikre gode overgangar med særleg vekt på at relasjonar kan bli brotne. Særleg viktig blir overgangen til ungdomskole, der krinsen vert endra frå noverande ordning og der somme elevar ikkje lenger soknar til ungdomskolen dei lenge har trudd dei skal gå på.

Kommunedirektøren vil også, for sysken av barn fødde mellom 2012 og 2018, etter ei individuell barnets beste vurdering, kunne innvilge at dei kan gå på same skole som sysken som er fødde desse åra, dvs. sysken av dei som går på Sola skole og Håland skole no. Dette føreset at det er ledig plass på den andre skolen.

Oppsummert vil kommunedirektøren presisere at kommunens tilsette skal trygge elevar og føresette på vegen over til ny skole, både når det gjeld nye klassekameratar, nye lærarar og ny skoleveg.

Kommunen opprettar ei eiga sak som omhandlar nye skolekretsar og flytting av elevar på heimesida. Frå 13.desember kan alle fylge med på informasjonen som ligg der og som vert oppdatert undervegs. Kommunedirektøren ser fram til godt samarbeid med rådsorgan, politisk nivå og innbyggjarar for å skape ein god, ny skolekvardag frå og med hausten 2025.

## Kart over skolekrinsar:



## Ny Dysjaland skolekrets Gammel og ny Håland skole



## Ny Dysjaland skolekrets Håland skole



## Ny Dysjaland skolekrets Skadberg og Dysjaland



## Ny skolekrets Samlet gammal og ny skolekrets Sola skole



**Ny Sola skolekrets Sande og Haga skole**



## Ny sola skolekrets Sola skole

